



Rustne Menn fotografert på Dønhaug med gamal traktor, sauer og ikkje minst med Ulvanoso i bakgrunnen.

Rustne Menn gjestar Huglo i morgon, søndag 26. juli, med allsongprogram. Framføringa vert ved Huglabutikken i 15 tida. Det er sundagsopen butikk. Venche Taranger, dotter til Anna og Wilhelm Bjelland og med slekt i Uskedalen, er dagleg leiar og ho legg kvart år opp til at det vert allsong på kaien med song- og musikkgruppa frå Uskedalen. Det er varsla regnver, men arrangøren har iverksett tiltak for at alle skal stå under tak.

Rustne Menn med Tore Nordahl-Pedersen (bass), Svein Rimestad (gitar) og Kristian Bringedal (trekkspel) har lagt opp til eit variert program med mange kjende allsongar, men også med egne og omsette tekstar.

Nytt i morgon er at gruppa har samla 80 songar i eit eige hefte med tittelen Syng med. Tekstane er grupperte alfabetisk med Alperosen til opning og Å, Vestland, Vestland som siste tekst. Songane er henta frå ulike genre, - viser, balladar, pop, tekstar nytta til årstidene og elles mykje tradisjonsmusikk. I hefte finn du seks bilete, to på fram- og baksida, fire foto i hefte, både av gruppa og portrett av kvar av aktørane.

Utvalet er gjort av heile gruppa. Svein Rimestad har reinskrive og ordna tekstane i stor skrift. Fotografen er Ronny Pedersen frå Os. Metro ReklameStudio AS står for trykking. Rustne Menn legg opp til markering og lansering i haust ein gong då vi veit meir om koronasituasjonen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Ronny Pedersen